



Dei to sjøulkane er framme i Cadiz!

Uskedalen har mange flinke siglarar, men mykje talar for at Kåre Magnus Rød er den tøffaste. Det er like før han fyllar 74, men no har han gjennomført sin hittil lengste seilas. Den vara 'i 2 månadar og gjekk frå Kristiansand til Gibraltar! Denne gongen sigla han ikkje med sin kjære, sjølvbygde Storm, men var mannskapet til ein sjøentusiast han har kjent i 50 år - Alf Hermann Schønhardt i Kristiansand, som er berre 71 år! Det var berre dei 2 ombord og dei burde ha vore 3, men turen gjekk bra sjølv om den ikkje var problemfri.



[Kåre Magnus på veg til ein reparasjon](#)

Båten til sørlendingen er ein 42 fots Swan og Kåre Magnus har sigla med Alf Hermann 5 gonger, med ein tur frå Asorane til Bergen som den lengste ferda før den siste heimefrå til Middelhavet.



[På veg gjennom Kanalen](#)

Uskedelingen nølte ikkje då skipparen ringte, han heiv seg på Haukeliekspressen og første etappe gjekk til Danmark med avreise 20. august. Han oppsummerar slik:



Stolt skute på veg mot Middelhavet

- Men det vart for mykje sjø og vi måtte berge oss i hamn på Skagen etter 15 timar. Vi kunne ikkje gjera anna ettersom seilet tok til å rivna frå masta. Neste etappe gjekk greit - via Kiel og Kielerkanalen.

Deretter fekk vi ei utfordring på tysk område, mellom Cuxhafen og Nederland. Der var det einvegstrafikk og mykje hindringar som ein

måtte ta omsyn til.

Så bar det over Kanalen til Plymouth før vi tok eit stort sprang over Biscaya til spanske La Coruna. Vi hadde ein triveleg etappe vidare og trivelegast var det i Nord-Spania med mykje kjekke folk og reine byar. Portugal sigla vi utanom på 4 døger og så kom siste etappe - til Gibraltar via Cadiz.

Båteigaren skal vidare til Ceuta i Marokko med båten i fyrste omgang og kor han skal vidare veit han ikkje enno. Men det er fyrste gongen han satsar på Middelhavet med tilliggjande hav. Før har han helst vore i Caribien.

- Eg anbefalar på det beste ein slik tur, seier Kåre Magnus som har dette svaret når uskedalen.no spør om det ikkje er i friskaste laget for ein relativt gamal mann å satsa på langturar som dette:  
- Ein er ikkje eldre enn ein kjenner seg!

Det vil ikkje overraska oss om det vert ein enda lengre tur neste gong.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen